

1. oktober  
nr. 110-2011  
Årgang 51  
Laussal kr 15,-

# Strilen 50

år 1961-2011

## Laurdag!



# Næringspark

■ Liegruppen AS bygger stor næringspark i Meland. Side 3

## Nei på Sylta

Storprosjektet med hytter og næring fekk nei. Side 10 og 11

## Er grunnlag

Det er potensiale for snøggbåt mellom Nordhordland og Bergen, konkluderer ein fersk rapport. Side 7



## Spreiing

Mattilsynet ber folk sjekka hagane sine for pærebrann. Side 14



### Skaff oss ein ny abonnent...

og få flott cooldry treningstrøye, og buff med på kjøpet!  
Du kan også kjøpa treningsantrekket separat til kr. 149,-  
Ta kontakt med [avisa@strilen.no](mailto:avisa@strilen.no) eller 56 34 30 30

**Strilen** 50

Nybygg - tilbygg - rehabilitering - alt i byggevare

### Kålås & Sonn

BYGGEVAREHANDEL

MESTERHUS BYGGERIET

Tlf. 56 35 33 70 - 5915 Hjelmås  
Man. - fre. 07.30 - 16.00 Lørdag 09.00 - 13.00

Gjør drøm til virkelighet - ring oss i dag!

Tlf. 56 34 31 00  
Knarvik



**REKNES HUS AS**

## Mjåtveitmarka

Byggetrinn II

Tomt/Enebolig - Rekkehus - Leiligheter

[www.mjatveitmarka.no](http://www.mjatveitmarka.no)



**WALDEBOLIG**  
Bygger fremtidens verdier



**I GANG:** Ledig areal til næring og industri er mangelvare i Bergens-området, og Lene Haug i Liegruppen AS har stor tru på ein næringspark i Meland. Her saman med Vidar Aasebø som er næringskonsulent i kommunen, ved det som skal bli innkjøringa til den nye næringsparken.

# Byggjer næringspark

**MELAND:** Liegruppen AS har kjøpt eit stort næringsområde på Mjåtveit. Dei kan freista med ledig areal til bedrifter av ulik storleik.



Av Anne-Lise Nordpoll  
anne-lise@strilen.no

– Me har alt 3-4 interesserte. Det er eit attraktivt område, så me reknar ikkje med at det blir vanskeleg å finna næringsverksemdar som vil inn her, seier Lene Haug i Liegruppen. Liegruppen er eit familieføretak som forvaltar fiskerettigheitar, utviklar eigedommar og har ulike verksemdar innan service og handel. Dei har blant anna Hansaparken, Ågotnes næringspark og næringbygget Lieco Bygg AS sentralt på Straume. No er dei også i gang med å utvikla ein næringspark i Meland.

#### Snart ferdig prosjertert

– Me er ferdig i ein tidleg fase, men me reknar med at området er ferdig prosjertert om nokre

veker, seier Haug. Areal det er snakk om, er i overkant av 100 dekar stort og ligg vest for hovudvegen på Mjåtveitflaten.

– Det er regulert for forretning, kontor og industri. Me er fleksible og kan tilby fleire forskjellige alternativ for næring og industri. Me tenkjer oss ein kombinasjon der nokon gjerne er interessert i å leiga eige bygg, medan andre er interesserte i fleirbruksbygg med fleire leigetakarar under same tak. Det er også muleg å kjøpa tomter og utvikla desse sjølv. Me kan desutan reisa bygg og leiga ut til det offentlege om det skulle vera interesse for det, seier Haug.

#### Håpar på nye arbeidsplassar

Den nye næringsparken er organisert som eit dotterselskap i Liegruppen og har fått namnet Mjåtveit Næringspark AS.

Haug føler at dei har ein god dialog med kommunen. Det kan Næringskonsulent i Meland, Vidar Aasebø, stadfesta.

– Meland er ein industrikommune, og me er klare på at me i utgangspunktet er positive til all næringsutvikling. Me er glade for at ein stor aktør som Liegruppen er interessert i å utvikla eit næringsområde her og håpar at ein kan gje fleire arbeidsplassar i kommunen, seier Aasebø i ein kommentar til Strilen.

#### Ligg sentralt til

Ledig areal til bedrifter som vil satsa, er mangelvare i Bergens-området.

Både kommunen sin næringskonsulent og Liegruppen meiner at det ligg næringsområdet i Meland ligg godt til.


– Det ligg sentralt til, og ny og utbetra veg er eit stort pluss. Næringsområdet grensar også til riksvegen berre to kilometer frå

Frekhaug og seks kilometer frå Knarvik, påpeikar Haug.

Liegruppen har gode erfaringar med liknande næringsområde i andre kommunar rundt Bergen.

– Vår erfaring er at store bedrifter ikkje nødvendigvis treng lokale midt i Bergen sentrum, og at dei er opne for å etablara seg i omkringliggjande kommunar. Me har opplevd eit stort trykk i

dei andre næringsområda våre. Når næringsdrivande først har bestemt seg for å satsa, vil dei at ting skal skje fort. Aller helst skulle ting vore klart i går. Det vil me ta omsyn til. Dette næringsområdet er stort og me vil byggja det ut i etappar slik at dei som kjem tidleg ikkje må venta på at heile området er klart, seier Haug til Strilen.



**PÅ KARTET:** Næringsparken skal koma i området som er skravert lilla.